

Midtøsten

NYHETSBRUV 1/23

MIDDLE EAST MEDIA: Evangeliet når endå fleire, gjennom, blant anna, Middle East Medias arbeid. Foto: Illustrasjonsfoto

MEM: Lokale mediateam byggjer kyrkja i Nord-Afrika

Middle East Media (MEM) deler ekspertisen sin med nye kristne i fleire land i Midtausten og Nord-Afrika. Slik blir evangeliet delt med endå fleire, og nye kyrkjer veks fram. MEM er forløparen til SAT-7, og NMS er framleis ein viktig støttespelar for dette mediarbeidet.

MEM blei starta 1975, og NMS begynte å støtta dette strategisk viktige mediarbeidet frå 1990. Gjennom åra har mykje av støtta frå NMS vore gjennom NORAD-finansierte utviklingsprosjekt, men MEM har heile tida også jobba med evangeliserande arbeid i heile MENA-regionen.

Dei siste 30-40 åra har det sakte vakse fram lokale kyrkjer med folk med bakgrunn frå islam. Mange av desse har komme til tru gjennom ulike former for massemedia – både radio, litteratur og TV, ikkje minst satellitt-TV. MEM har spelt og spelar fortsatt ei viktig rolle i dette arbeidet, i samarbeid med andre organisasjonar og dei lokale kristne.

Nord-Afrika var eit kristent kjerneområde før islam. I det som i dag er Tunisia og Algerie budde kjende kyrkjefedre som Tertullian og Augustin. Likevel

Les mer på neste side



18. mai - 24. juni 2023

Sett aksjonen inn i menighetens årshjul allerede nå!

Påmeldingen er åpen.
Din menighet kan melde seg på her:
kirken.no/sammen.

Sjekk også ut Facebook-gruppen
 «Sammen som kirke i hele verden».

forsvann kyrkja kort tid etter den arabiske invasjonen på 600-talet. Kanskje var dette fordi kyrkja i stor grad var ei latinsk innvandrar-kyrkje som ikkje slo rot hos dei lokale innbyggjarane. Heller ikkje dei moderne europeiske kyrkjene som kom i samband med kolonitida på 1800-talet, klarte å slå rot i folkedjupet. Dette viser kor viktig det er at kyrkja blir lokalt forankra med lokalt leiarskap, og at dei kristne kan bruka sine eigne lokale dialektar og språk.

Sjølv om arabisk er eitt språk, finst det mange dialektar. Standardvarianten av arabisk blir forstått over heile den arabiske verda, iallfall for dei med ei viss utdanning, men dei ulike dialektane kan gjerne opplevast som ulike språk. Ein egyptar kan til dømes ha vanskeleg for å forstå dialektane i Tunisa, Algerie eller Marokko. I den arabiske verda finst også store språklege minoritetar, som til dømes kurdarane i aust, eller berbarane i Nord-Afrika.

MEM har kontakt med mange ulike lokale grupper som ønskjer å nå ut til sine eigne med evangeliet. Dei deler gjerne ekspertisen sin, som dei har bygd opp gjennom mange år med mediarbeid. I eitt land har dei eit prosjekt der dei filmar Bibelen i deira eigen dialekt. Visjonen kjem frå dei lokale kristne, og MEM gir dei den tekniske hjelpa dei treng for å få dette til. Dette er berre eitt av mange døme på det arbeidet MEM no gjer i samarbeid med lokale nye kristne med muslimsk bakgrunn. Slik blir kyrkja i området styrkt. NMS driv ikkje eige kyrkjebyggande arbeid i Midtausten. I staden samarbeider vi med lokale kristne frå ulike kyrkjesamfunn.

Ved å støtta NMS sitt arbeid i Midtausten er du med på å dela Guds kjærleik med nye grupper av menneske, og gi næring til ei veksande kyrkje i område med få kristne.

Takk for dei nye kristne som vil dela trua med andre i sine heimland.

VER MED OG BE FOR:

- Visdom i arbeidet med å formidla Bibelen på nye dialektar.
- Vern for dei nye mediateama som blir etablerte i nye land i Nord-Afrika.



Geir Sakseid

Rådgjevar, Midtausten

vimeo.com/misjonselskap

Her kan du se og laste ned filmer om NMS sitt arbeid

Les mer om Thailand: nms.no/finndinmenighet

Tidligere nyhetsbrev: nms.no/nyhetsbrev



Bli med i Facebook-gruppen «NMS menighet»



HELLIGE TRE KONGERS-DAG, 6. JANUAR

Les mer på nms.no/helligetrekonger